



Dei to første av dei åtte aspirantane klare for første øving: Martin Yri Røsland og Karen Pedersen Brede, som begge har vald kornetten. Anders Christensen er lærar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Åtte nye aspirantar hadde eit spanande første møte med skulemusikken fordelt på tre puljar på skulen onsdag – i kulturskulen sin regi. Det er lenge sidan rekrutteringa til korpset har vore så god som no. Ein må sju-åtte år attende for å finna eit år med enda fleire aspirantar.

Aspirantane er desse (dei instrumenta dei satsar på frå start står i parentes): Martin Yri Røsland (kornett), Karen Pedersen Brede (kornett), Merethe Myklebust (kornett), Joakim L. Myklebust (baryton), Frida Nybakk (baryton), Veslemøy Haugland (horn), Anine Enes (horn) og Ann Helen Rød (kornett).

Magni Tråvik og Torunn Døssland frå korpset tok godt i mot aspirantane saman med håpefulle foreldre og læraren, Anders Christensen.

Dei framtidige musikantane var fulle av forventning, som vaks ytterlegare etterkvart som Magni fortalde kva dei har i vente:

- Det kjekke med å spela eit instrument er at øvinga gjev betaling med ein gong, for ein blir litt flinkare etter kvar øving og då blir det også straks enda kjekkare, sa ho.

Og ho la til at hvis ein spelar eit instrument, kan ein også eit internasjonalt språk.

- Å vera aspirant betyr at ein skal gå gjennom ei utdanning og få ei god stilling etterpå – nemleg å få vera med i skulemusikken. Det betyr mellom anna at ein får mange vener og at ein får vera med på fine turar, heldt Magni fram.

- Og det er kjekt, kom det frå Martin, som har hatt ei storesyster med i korpset lenge og difor har vore ute og reist med det tidlegare,

No er det utlandet som står for tur, fortalde Magni.

Av Ola Matti Mathisen